



Lindås senterbygg  
Trond Helland  
Postboks 39  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1480 - 15/26198

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
10.08.2015

## Purring pålegg om installering av fettutskiljar ved Mama Rosa - gbnr 108/613 - Lindås senter

Lindås kommune har i brev datert 14.04.2015 krevd installering av fettutskiljar ved Mama Rosa –gbnr 108/613 – Lindås senter.

I brev datert 14.04.2015 vart det sett frist for godkjenning og installering av anlegg. Denne frista er nå gått ut utan at kommunen har fått tilbakemelding eller søknad om godkjenning av anlegg. Teknisk drift, VVA, ber Dykk gje ei tilbakemelding innan 01.09.2015. Dersom slik tilbakemelding uteblir vil kommunen kalle inn til møte og eigedom kan verte pålagt bøter inntil forhold er retta.

Vi gjer merksam på alle verksemder som har utslepp av avlaupsvatn som inneheld fett og olje av animalsk eller vegetabilsk opphav skal ha fettutskiljar. Mama Rosa er ei slik verksemde. Som eigar av gbnr 108/613 er De ansvarleg for at Dykkar leigetakar har nødvendig godkjent anlegg.

Teknisk drift har registrert at det er mykje fett på kommunalt avlaupsanlegg. Feittet fører til skade på anlegget og påfører kommunen store kostnader. Vi gjer merksam på at abonnentar som fører feitthaldig avlaupsvatn ut på kommunalt nett og til reinseanlegg står ansvarleg for skader dette påfører anlegget. Kommunen har heimel til å kunne kreve utbetring dekket av abonnenten som forårsaker skadene (jf. Standard abonnementsvilkår – Administrative bestemmelser, punkt 3.14).

Kommunen kan i tillegg ilegge abonnenten bøter (jf. punkt 9.2 i forskrift for fettutskiljar Lindås kommune) inntil forholda er retta .

*Ved brot på Sanitærreglementet med tilhøyrande forskrifter og normer kan Lindås kommune, Avdeling for vatn og avløp stenga eigedomens vasstilførsel og halda den stengt til forholdet er retta. Med heimel i Forskrifter for vatn og avløpsgebyrer kan Lindås kommune, Avdeling for vatn og avløp ilegga eigedomen 100 % tillegg i avløpsgebyr dersom den gebyrpliktige unnlater å etterkomme pålegg om utbetring av manglar på avløpsanlegg eller sanitær- utstyr som medfører auke belastning på leidningar og reinseanlegg. Gebyret løper inntil pålegget er etterkome.*



Det med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, samt «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, at Teknisk drift VA krev installering av fettutskiljar ved Mama Rosa i Lindås senter. Fettutskiljar skal tilknyttast spillvassleidnings slik at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut. Føremålet med utskiljaren er å separere fett frå prosess- og avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på kommunalt leidningsnett og skaper problem for leidningsnettet og reinseanlegg.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Trond Helland  
Lindås kommune ved Teknisk drift

**Mottakrar:**  
Lindås senterbygg

Postboks 39

5951

LINDÅS